




Opplæringskontoret for
Indre Hordaland

ÅRSRAPPORT 2024

Opplæringskontoret for Indre Hordaland



Verksemda si art og lokalisering

Verksemda er godkjend for opplæring av lærlingar i desse faga:

Fag	Fag
Anleggsmaskinførarfaget	Industrimekanikarfaget
Anleggsmaskinmekanikarfaget	Logistikkfaget
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	Motorsykkelfaget
Betongfaget	Murar- og flisleggjarfaget
Bilfaget, lette køyretøy	Målar – og sprøytelakkerarfaget
Bilfaget, tunge køyretøy	Platearbeidarfaget
Billakkerarfaget	Produksjonsteknikkfaget
Bilskadefaget	Reinhaldarfaget
Blomsterdekoratør	Reiselivsfaget
Byggdriftarfaget	Reservedelsfaget
CNC-maskineringsfaget	Service- og administrasjonsfaget
Elektrikarfaget	Salsfaget
Ernæringskokkfaget	Tømrarfaget
Fjell- og bergverksfaget	Yrkessjåførfaget
Helsearbeidarfaget	
IT- driftsfaget	

Opplæringskontoret for Indre Hordaland har medlemsbedrifter i kommunane Voss, Ulvik, Vaksdal, Modalen og Aurland. Kontoret ligg på Voss.

I 2024 fekk vi 7 nye medlemsbedrifter, 3 medlemsbedrifter melde seg ut, og 2 medlemsbedrifter opphøyrd. Antal medlemsbedrifter pr. 31.12.2024 er 56.

Styret

Styret har i 2024 vore sett saman slik:

Styreleiar: Trude Kvarekval Lydvo

Styremedlemer: Bjarte Vines (nestleiar)
Svein Inge Styve
Malin Hvidsten Straume
Trond Nordpoll
Kjell Harald Fenne
Olaug Kyte

Varamedlemer: 1. vara: Stig Øyvind Rio Kvarme
2. vara: Petter Ringheim
Personleg vara for skuleverket: Leif Johan Mandelid

Valnemd

I valnemda sit: Per Loven (HMV Bilsenter AS), leiar
Øyvind Kristiansen (Motorservice Voss AS)

Sekretær

Sekretær for styret er dagleg leiar, Randi Ulleland.

Styremøter

I tillegg til årsmøtet 23. april, vart det halde fire styremøter i 2024. 02.september vart det halde ekstraordinært årsmøte. Årsaka til dette var at ny Opplæringslov tredde i kraft 1.august, og det kom krav til nytt innhald i vedtekter samt krav om at eit styremedlem skal vere lærling eller representant for lærling.

Saker som har vore tekne opp i styremøtene: generell drift av kontoret, ny opplæringslov, arrangement for utdeling av fagbrev, samarbeid med lærebedriftene, skular, næringsliv, Rettleiingstenesta/Fylkeskommunen med fleire.

Aktivitetar ved kontoret

Aktiviteten ved kontoret har vore konsentrert om basisoppgåvene:

- Kvalitetssikre opplæringa til lærlingane i våre medlemsbedrifter
- rekruttering/formidling av lærlingar og lære kandidat
- signere lærekontrakter og foreta oppmelding til fagprøve
- formidle informasjon om kursverksemd og teoriundervisning
- utbetaling av tilskot til lærebedrifter
- drift av kontoret, rekneskap, administrasjon, formidling
- marknadsføring
- rekruttering av nye medlemsbedrifter, jobbe for å auke talet på læreplassar
- samarbeid med Fylkeskommunen, Rettleiingstenesta, lærebedriftene, vidaregåande skular, OT/PPT, NAV, kursarrangørar
- informasjon om lærlingordninga ut i skulane og bedrifter

Kurs – teoriopplæring

I august starta den årlege teoriopplæringa for elektrolærlingar på Voss, med 7 deltakarar.

I januar starta teorikurs i bilfaget i Bergen, med 2 deltakarar frå Voss.

Nokon lærlingar fylgjer anna programfagleg teoriopplæring i lærlingeklasser i Bergen.

Opplæringskontoret arrangerte i september lærlingesamling for alle nye lærlingar, samt samling for instruktørar og fagansvarlege i medlemsbedriftene våre.

Antal lærlingar

I 2024 blei det teikna 44 nye lærekontrakter, mot 42 året før. 29 lærekontrakter blei avslutta. I tillegg blei 10 kontrakter heva, alle ved einigheit. Ved utgangen av året var det 85 aktive lærekontrakter. På same tid i 2023 var talet på lærekontrakter 78.

Antal lærlingar

År	Antal lærlingar
31.12. 2024	85
31.12. 2023	78
31.12. 2022	82
31.12. 2021	72
31.12. 2020	66
31.12. 2019	61
31.12. 2018	70
31.12. 2017	69

Beståtte fagprøver lærlingar 2024

Fag	Fagprøver	Kvinner	Menn	% kvinner	% Menn
Barne-og ungd.arbeidarfaget	5	4	1		
Betongfaget	1		1		
Bilfaget, lette køyretøy	2	1	1		
Blomsterdekoratørfaget	1	1			
Ernæringskokkfaget	1	1			
Helsearbeiderfaget	12	11	1		
Målar og overflateteknikkfaget	1	1			
Platearbeidarfaget	3		2		
Reiselivsfaget	2	2			
Salsfaget	1		1		
Tømrarfaget	1		1		
Yrkessjåførfaget	1	1			
Totalt	30	22	8	73%	27%



Fordeling

Av totalt 30 nye fagarbeidarar, var 73% kvinner og 27% menn. Det er ein oppgang på 55% kvinneandel i forhold til 2023. Flest fagprøver blei avlagt i helsearbeidarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Ikkje bestått

2 lærlingar bestod ikkje 1.gongs fagprøven, men begge bestod 2.gongs fagprøve.

Beståtte kompetanseprøver lære kandidat 2024

2 personar har teke kompetansebrev som lære kandidat hjå våre medlemsbedrifter.

Beståtte fagprøver praksiskandidat 2024

10 personar har teke fagbrev som praksiskandidat hjå våre medlemsbedrifter.

Hevingar

10 lærekontrakter vart heva i 2024, alle ved einigheit mellom lærling og lærebedrift.

Framleis drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om framleis drift. Rekneskapen for året viser overskot på kr 737 910 etter finansinntekter. Overskot til fordeling hjå medlemsbedrifter er på kr 687 910. Endeleg resultat vert då kr 50.000. Eigenkapitalen er soleis auka frå kr 2.229.104 pr. 31.12.2023 til kr 2.279.104 pr. 31.12.2024. Det vert stadfesta at føresetnaden for framleis drift er til stades.

Arbeidsmiljø

Dagleg leiar Randi Ulleland er tilsett i 100% stilling. Hilde M. Kettermann er tilsett som opplæringskonsulent i 80% stilling. Det har ikkje førekome skader eller ulukker for tilsette. Arbeidsmiljøet i bedrifta er å sjå på som godt.

Likestilling

Verksemda har to kvinnelege tilsette. Styret består av 4 menn og 3 kvinner, pluss sekretær. Talet på kvinnelege styremedlemer gjekk opp med ein i forhold til 2023.

Ytre miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø. Verksemda har rutiner for kildesortering av avfall.


Bedriftshelseteneste

Opplæringskontoret for Indre Hordaland er medlem hjå Bedriftshelse1 Voss. Det er utarbeidd ein handlingsplan for 2025-2027, og Bedriftshelse1 Voss har levert ein årsrapport for 2024.


Årsrapport 2024 er godkjend i styremøte 06.03.2025.

Opplæringskontoret for Indre Hordaland
Organisasjonsnummer 975 844 846



Trude Kvarekval Lydvo (styreleiar)


Trond Nordpoll


Svein Inge Styve


Olaug Kyte


Bjarte Vines (nestleiar)


Kjell Harald Fenne


Malin Hvidsten Straume